**PRESSEMELDING**

# RESULTAT FOR ALSAKER KONSERN I 2024

**Alsaker-konsernet, som er konsernselskapet til Alsaker Fjordbruk, fekk eit driftsresultat på kroner 1.015. millionar i 2024. Med ein omsetnad på kr 3.026 millionar gir dette ein driftsmargin på 33,6 %.**

Alsaker er eit vertikalintegrert oppdrettskonsern med produksjon av laks. Konsernet dreiv i 2024 4 smoltanlegg, 24 matfiskkonsesjonar, slakteri, reinsefiskanlegg og eit havbrukssenter. Konsernet har også eigen brønnbåt og ein stor flåte av servicebåtar.

Produksjonen i konsernet skjer i 14 kommunar: Alver (Meland), Bjørnafjorden (Fusa), Bømlo, Etne, Kvam, Kvinnherad, Sveio og Tysnes i Hordaland, samt Haugesund (Røvær), Stavanger (Rennesøy), Sandnes, Suldal, Tysvær og Vindafjord i Rogaland.

Betre biologi i 2024 førte til at konsernet auka produksjonen av laks til 38.400 tonn i året. Slaktevolumet var også opp samanlikna med året før.

Ved utgangen av 2024 var det 273 tilsette i Alsaker-konsernet. Konsernet har godt kvalifiserte og motiverte personar i alle ledd i organisasjonen. Dyktige medarbeidarar er ein viktig suksessfaktor for Alsaker-konsernet.

| Alsaker Konsern | | |
|---|---|---|
| (Alle tal i mill. NOK) | 2024 | **2023** |
| Sum driftsinntekter | 3 026 | 3 004 |
| EBITDA | 1 164 | 1 323 |
| Driftsresultat | 1 015 | 1 182 |
| Resultat før skatt | 995 | 1 159 |
| Skattekostnad | 356 | 579 |
| Årsresultat | 638 | 580 |
| Konsernrekneskapen for Alsaker er utarbeidd etter norske rekneskapsreglar (NGAAP) | | |

Bokført eigenkapital i konsernet var ved utgangen av året kr 2.102 millionar – noko som gir ein eigenkapitalandel på 57 %.

********